



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Referat frå møte 8/21-22 Studentparlamentet 27.04.2022

Tid Onsdag 27.04. kl 16.30-19.30
Stad SAA 270

Til stades med stemmerett: 11

AHL Andrine Kompen (H)
Severine Riise Eidem (H)
AKF Leander Prag Sømme (H)
Calvian Berget (V)
AMF Henriette Nordheim (H)
Gwendolyn Wördenweber (H)
ASH Monira Adam (H)
Jenny Nystad (H)
FRI Rikke Jenny Pettersen (H)
Karl Schultz (H)
Ida Margrethe Ulvestad (V)

Meldt forfall: Abdikani Amiin (FRI), Håvard Sætre Øvrebø (H)

Til stades utan stemmerett

AU: Trond-Fredrik Hoddevik, Bethel Britto, Fady Gemayel, Matilde Tafjord
Rødhammer (frå kl 17), Daria Jermacane
Ordstyrar: Irmelin Angell Losvik
Referent: Organisasjonskonsulent Marit Aklestad
Andre: Bjørn Gunnar Tafjord (sak 82/21-22)

Saksliste

Sak 78 – 21/22:	Opprop og val av møteleing	2
Sak 79 – 21/22:	Godkjenning av innkallinga.....	2
Sak 80 – 21/22:	Godkjenning av saksliste	3
Sak 81 – 21/22:	Godkjenning av referat frå møte 07.04.22	3
Sak 82 – 21/22:	Miljøfyrtårn og framtidslabben	4
Sak 83 – 21/22:	Oppdatering av arbeidsbeskriving for fagansvarleg.....	4
Sak 84 – 21/22:	Val av nytt AU – leiar	5
Sak 85 – 21/22:	Val av nytt AU – velferdsansvarleg.....	5
Sak 86 – 21/22:	Val av nytt AU – fagansvarleg.....	6
Sak 87 – 21/22:	Val av nytt AU – internasjonalt ansvarleg	6
Sak 88 – 21/22:	Val av nytt AU – informasjonsansvarleg.....	7
Sak 89 – 21/22:	Val av nytt AU – nestleiar	7
Sak 90 – 21/22:	Kostnader ved printing.....	8
Sak 91 – 21/22:	Orienteringar	9

Sak 78 – 21/22: Opprop og val av møteleing

Type sak: Vedtakssak

Namneoppnop

11 røysteføre (sjå framsida), Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

Val av møteleing

Vedtak (samrøystes)

- Irmelin Angell Losvik vart vald til ordstyrar
- Organisasjonskonsulent Marit Aklestad vart vald til referent
- Daria Jermacane og Fady Gemayel vart valde til teljekorps

Sak 79 – 21/22: Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjende møteinnkallinga.

Sak 80 – 21/22: Godkjenning av sakliste

Type sak: Vedtakssak

Calvian melder inn 2 saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet vedtok framlagt sakliste for møtet med ovanstående merknader.

		Parlamentsmøte 27. april		Saksansvarleg
16.30	78	Opprop og val av møteleiing	V	Ordstyrar
	79	Godkjenning av innkalling	V	Ordstyrar
	80	Godkjenning dagsorden med sakliste	V	Ordstyrar
	81	Godkjenning av referat frå møte 07.04.22	V	Ordstyrar
16.40	82	Miljøfyrtårn og Framtidslabben	O	Org.kons.
17.20		Pause ca 10 min		
17.30	83	Endring av arbeidsbeskriving for fagansvarleg	V	Fagansvarleg
17.35	84	Val av nytt AU: Leiar	V	Leiar
	85	Val av nytt AU: Velferdsansvarleg	V	Velferdsansvarleg
	86	Val av nytt AU: Fagansvarleg	V	Fagansvarleg
	87	Val av nytt AU: Internasjonalt ansvarleg	V	Internasjonalt
	88	Val av nytt AU: Informasjonsansvarleg	V	Informasjon
		Kort pause, avklaring kandidatar til nestleiar		
	89	Val av nytt AU: nestleiar	V	Nestleiar
18.45	90	Kostnadar ved printing	D/V	Fagansvarleg
18.55	91	Orienteringar	O	AU
19.05		Møteslutt + møtekritikk		

Sak 81 – 21/22: Godkjenning av referat frå møte 07.04.22

Type sak: Vedtakssak

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjende referatet frå ekstraordinært møte i Studentparlamentet, 07.04.22

Sak 82 – 21/22: Miljøfyrtårn og framtidslabben

Type sak: Orienteringssak

Rikke Jenny Pettersen og Marit Aklestad orienterte om arbeidet i Miljøfyrtårn-gruppa. Bjørn Gunnar Tafjord orienterte om arbeidet i Framtidslabben (United Future lab Ålesund), der HVO er partner.

Sjå vedlagt presentasjon.

Innspel til Miljøfyrtårn:

- Treng betre merking på resirkuleringsstasjonane
- Fleire stasjonar slik at ein ikkje må gå omvegar for å sortere
- Jobbe for at det som blir kasta ved reovering av Strøm blir gjenbrukt eller gitt bort

Innspel til Framtidslabben:

- Praksisplass, oppgåveskriving? Ja, vil gjerne kople opp studentar til aktuelle prosjekt som prosjektmedarbeidarar saman med profesjonelle aktørar. FOU-arbeid, løyse deloppgåver av større prosjekt. Nyttig for CV-en.
- Brosjyrer? Digital prosjekt- og oppgåvebank. Bør kunne vere lenke til på HVO sine nettsider, plakatar med qr-koder eller liknandne.
- Del gjerne info med Studentparlamentet på e-post
- For lite kjent på HVO.
- Kan melde seg på nyhendebrev frå united Futurelab Norway.

Sak 83 – 21/22: Oppdatering av arbeidsbeskriving for fagansvarleg

Type sak: Vedtakssak

Fagansvarleg Matilde Tafjord Rødhammer presenterte saka.

Til behandling: ingen innkomne endringsforslag.

Studentparlamentet vedtok AU sitt forslag til vedtak utan endringar.

Vedtak (samrøystes)

Vervet som fagansvarleg har ikkje lenger fast plass i forskingsutvalet.

Sak 84 – 21/22: Val av nytt AU – leiar

Type sak: Vedtakssak

Studentparlamentet skal velje leiar for komande studieår. Studentleiar er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet.

Kandidatane fekk 3 min. taletid til å presentere seg sjølv, og det var opna for spørsmål til kandidatane.

Desse stilte til val: Leander Prag Sømme og Trond-Fredrik Hoddevik

Trond-Fredrik Hoddevik orienterte om at han står i ein jobbintervju-prosess, og vil måtte trekkje seg frå leiarvervet dersom han får jobben.

Votering: urneval.

Til behandling etter urnevalet: Studentparlamentet vil velje ein personleg vara for Trond-Fredrik dersom han vert attvald til leiar.

Vedtak:

1. Trond-Fredrik H. Hoddevik vart vald som leiar for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.22-30.04.23.
2. Leander Prag Sømme vart vald som personleg vara for Trond-Fredrik Hoddevik i fall han må trekkje seg grunna jobbtilbod.

Sak 85 – 21/22: Val av nytt AU – velferdsansvarleg

Type sak: Vedtakssak

Studentparlamentet skal velje velferdsansvarleg for komande studieår. Velferdsansvarleg er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet.

Desse stilte til val: Andrine Kompen.

Kandidaten fekk 3 min. taletid til å presentere seg sjølv, og det var opna for spørsmål.

Votering: urneval*

*Dette valet vart gjennomført som urneval for å følgje vedtektene, men under avstemminga vart vedtektene sjekka, og dei fastslår at urneval skal gjennomførast «som hovudregel», men kan altså avvikast. Dermed vart påfølgjande personval der berre ein kandidat stilte til val, gjennomført som akklamasjon.

Vedtak:

Andrine Kompen var vald som velferdsansvarleg for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.22-30.04.23.

Sak 86 – 21/22: Val av nytt AU – fagansvarleg

Type sak: Vedtakssak

Studentparlamentet skal velje fagansvarleg for komande studieår. Fagansvarleg er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet.

Desse stilte til val: Leander Prag Sømme

Kandidaten fekk 3 min. taletid til å presentere seg sjølv, og det var opna for spørsmål til kandidaten.

Votering: akklamasjon

Vedtak:

Leander Prag Sømme vart vald til fagansvarleg for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.22-30.04.23.

Sak 87 – 21/22: Val av nytt AU – internasjonalt ansvarleg

Type sak: Vedtakssak

Studentparlamentet skal velje internasjonalt ansvarleg for komande studieår. Internasjonalt ansvarleg er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet.

Desse stilte til val: Ammy Bolme og Aleksander Barstad

Kandidatane fekk 3 min. taletid til å presentere seg sjølv, og det var opna for spørsmål til kandidatane.

Votering: Urneval

Vedtak:

Ammy Bolme vart vald til internasjonalt ansvarleg for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.22-30.04.23.

Sak 88 – 21/22: Val av nytt AU – informasjonsansvarleg

Type sak: Vedtakssak

Studentparlamentet skal velje informasjonsansvarleg for komande studieår. Informasjonsansvarleg er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet.

Desse stilte til val: Severine Riise Eidem

Kandidaten fekk 3 min. taletid til å presentere seg sjølv, og det var opna for spørsmål til kandidaten.

Votering: akklamasjon

Vedtak:

Severine Riise Eidem vart vald til informasjonsansvarleg for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.22-30.04.23.

Sak 89 – 21/22: Val av nytt AU – nestleiar

Type sak: Vedtakssak

Studentparlamentet skal velje nestleiar for komande studieår. Studentparlamentet vel nestleiar mellom dei 4 valte representantane i AU (informasjonsansvarleg, internasjonalt ansvarleg, velferdsansvarleg og fagansvarleg). Alle dei 4 kan stille som kandidat, og vervet som nestleiar kjem i tillegg til vervet ein allereie er valt til.

Summepause 10 min.

Desse stilte til val: Leander Prag Sømme og Severine Riise Eidem

Kandidatane fekk 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det var opna for spørsmål til kandidatane.

Votering: urneval.

Til behandling etter urnevalet: det kan bli behov for eit ekstraordinært møte for suppleringsval (fagansvarleg og nestleiar) dersom Trond-Fredrik Hoddevik må trekkje seg og Leander Prag Sømme blir leiar for Studentparlamentet 22-23. AU føreslo tentativt møte 25.05. kl 16.30.

Vedtak:

1. Leander vart vald til nestleiar for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.22-30.04.23.

2. Ved behov blir det gjennomført ekstraordinært møte for suppleringsval til fagansvarleg og nestleiar 25.05. kl 16.30.

Sak 90 – 21/22: Kostnader ved printing

Type sak: Vedtakssak

Studentparlamentet er som medlemslag i NSO opptatt av at alle studentar i Volda skal ha eit likeverdig studietilbod utan brukarbetaling. Gratisprinsippet er ein av grunnsteinane i norsk høgare utdanning, og studierelaterte utgifter må minimerast.

Studentar frå avdeling for kulturfag har meldt inn at naudsynte utgifter for å skrive ut obligatoriske innleveringar og eksamensbesvarelsar kan koste dyrt på enkelte studium og emner, utan at dette vert kompensert. Dette er utgifter som andre studentar ikkje har knytt til sine innleveringar.

AU sitt forslag til vedtak (nedstemt)

Studentparlamentet meiner gratisprinsippet skal vere overhaldt i alle utdanningslinjer. Utskrifter knytt til obligatoriske innleveringar og eksamensbesvarelsar skal ikkje gå på studentens kostnad. Studentparlamentet bed Høgskulen gjennomgå sine rutinar for obligatoriske innleveringar, og sjå til at studentane ikkje blir pålagt urimeleg brukarbetaling for å få levert inn oppgåver og eksamenar.

Utdrag frå debatten:

- Kva er «urimeleg» brukarbetaling og kva er då rimeleg?
- Burde jobbe for å minske utskrifter totalt sett
- Korleis følge opp saka vidare? Skal den til dekan? Avdelingane? Høgskuleleiinga?
- Kan ei løysing vere at sensor skriv ut innleverte besvarelsar, eller snakkar vi om kunstnarisk arbeid der studenten må jobbe på det etter utskrifta?
- Burde vi setje ein sum?
- Førslår å ta inn ei formulering om at dei som betalar utstyrsavgift skal unngå å betale meir
- Førslår ikkje sum, men prinsipp sak for dei som betalar materialavgift
- Kan ei refusjonsordning fungere?
- I fjor måtte vi kjøpe inn mykje i tillegg til materialavgift
- Kva med andre typer utgifter som ein kan ha på studiet? Kvar går grensa? T.d. går vel materialavgift på idrett til ballar, nett osv. Men ingen forventar å få dekt utgifter til treningstøy, sko etc. Behov for å klargjere kva materialavgifta går til.
- Dei som betalar materialavgift må også ha kvalitet på det pengane går til
- Store prisforskjellar, kan ikkje forvente at materialavgifta dekkjer dei dyraste typene

Til behandling: Studentparlamentet utarbeida eit justert forslag til vedtak som vart sett opp mot AU sitt opphavlege forslag.

Votering: Det justerte forslaget til vedtak vart samrøystes vedtatt. AU sitt opprinnelege forslag fall.

Justert forslag frå Studentparlamentet (vedtatt)

1. Studentparlamentet meiner gratisprinsippet skal overhaldast på alle studium og emner ved HVO. Utskrifter og anna materiale brukt til obligatoriske innleveringar og eksamen, skal ikkje måtte gå på studentane sin kostnad.

2. Studentparlamentet bed Høgskulen i Volda gjennomgå sine rutinar for obligatoriske innleveringar, og sjå til at studentar som har betalt ei materialavgift, ikkje skal måtte betale ekstra for obligatoriske innleveringar.

3. Høgskulen bør også klargjere informasjonen til studentar på nettsider/i emneplan for kva material som inngår i materialavgifta.

Sak 91 – 21/22: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Info frå AU

Dette har skjedd sidan sist:

- Ferdig layout på nytt prinsippprogram 22-26
- Landsmøte i NSO – studentpolitikk på høgaste nivå
- Sendt høringsbrev om valt eller tilsett rektor
- Begynt planlegging av studiestart 22
- Oppstartsmøte i faddervekestyret

Dette skjer framover:

- Spørreundersøkelse om Fadderveka
- Rekruttere fadrar til Fadderveka 22
- Nytt parlamentsval til hausten
- Evt nytt møte onsdag 25.05. kl 16.30
- Sommaravslutning 25.05. ca kl 18 og utover.
- Studentprisen '22

Info frå studentar i råd og utval

- Dialogmøte med AHL for LMU: måtte utsetje fordi berre 2 studentar møtte. Oppfordring om å dele informasjon og sikre at studentane møter.

Orientering frå SiVolda-styret

- Rokken kafe vil etter planen opne til studiestart med tema street food.

Orientering frå Høgskulestyret

Info frå medlemmane i Studentparlamentet

- Problem knytt til å måtte kjøpe inn dyre pensumbøker som ein berre treng eit kapittel av. Ei sak neste års Studentparlament bør følgje opp.

Møteslutt ca 19.30